

Høring - finansiering av private barnehager

Uttalelse - Meland kommune

Status: Innsendt til Utdanningsdirektoratet.
Bekreftet av høringsinstans via:
mette.m.traland@meland.kommune.no

Innsendt av: Mette Marei Træland
Innsenders e-post: mette.m.traland@meland.kommune.no
Innsendt dato: 09.07.2015
Hvilken kommune? Meland kommune
(f.eks. X kommune): Kommune (Offentlig)
Stilling: barnehagefagleg rådgjevar

Høring – finansiering av private barnehager

2.4. Spørsmål: Spørsmål 1. Hvilken finansieringsmodell ønsker dere?

Velg ett alternativ

Nasjonal sats med lokal justering

Kommentar

Meland kommune vil tilrå Nasjonal sats med lokal justering. Grunngevinga for dette er at når kapitaltilskot er fastsett etter nasjonal sats og det vert innført bemanningsnorm, er det igjen svært liten fleksibilitet i tilskotet. Meirarbeidet som føl med lokal utrekning av sats kan ikkje lenger forsvarast. Når berre ca 14 prosent av tilskotet kan påverkast lokalt fell argumentet for rammestyring bort. Vi legg til grunn at kommunen gjennom rammefinansiering eller øyremarka tilskot får kompensasjon for faktiske utgifter til likebehandling av kommunale barnehagar. Dagens kostnadsnøkkel fangar ikkje godt nok opp kommunen sitt utgiftsbehov på området. Så lenge barnehage er ei kommunal teneste må tilskotet gjenspegle kva det kostar kommunen å ha ei fagleg god barnehageteneste, uavhengig av kven som yt tenesta.

3.2.4. Spørsmål: Spørsmål 2. Støtter dere vårt forslag om å gi påslag for pensjonsutgifter?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune går inn for å vidareføre dagens modell. Grunngevinga for dette er at dagens modell harmoniserer best med prinsippa om rammestyring. Dersom kommunane skal ha reell styring med eigna ramme må ein kunne påverke utgiftsnivået lokalt.

3.2.4. Spørsmål: Spørsmål 3. Støtter dere forslaget om en søknadsbasert ordning for barnehager med særlig høye pensjonsutgifter?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar at det vert ei søknadsbasert ordning for barnehagar med særskilte høge pensjonsutgifter. Grunngevinga for dette er at dette berre vil gjelde eit fåtal barnehagar. Det er viktig å ha ordningar som gjer at reelle pensjonskostnader vert kompensert.

3.3.2.1. Spørsmål: Spørsmål 4. Støtter dere at kapitaltilskuddet kun beregnes ut fra nasjonal sats?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar at kapitaltilskot berre vert rekna ut etter nasjonal sats. Nasjonal sats vil utjamne ulike kapitalkostnader mellom nye og eldre barnehagebygg. Meir reell kompensasjon av kapitalkost ut frå den alderen på bygget vil hindre at barnehagen må bruke driftstilskot på å dekkje kapitalutgifter.

3.3.3.1. Spørsmål: Spørsmål 5. Er dere enige i at kapitaltilskuddet gis likt for tre år?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar at kapitaltilskotet vert gitt likt for 3 år. Likt tilskot for tre år vil gje meir foreseieleg kapitaltilskot. Ved å rekne ut kapitaltilskotet likt for tre år unngår vi kraftige svingingar mellom einskild år.

3.3.5. Spørsmål: Spørsmål 6. Hvilken metode mener dere er best egnet til å beregne kapitaltilskuddet?

Velg ett alternativ

Godkjenningsår

Kommentar

Meland kommune meiner godkjenningsår er best egna til å rekne kapitaltilskot ut frå. Grunngevinga for dette er at det er godkjenninga frå kommunen som utløyser rett tilskot.

3.4.4. Spørsmål: Spørsmål 7. Støtter dere at tilskuddet til familiebarnehager kun beregnes ut fra nasjonal sats?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar at tilskot til familiebarnehagar berre vert rekna ut frå nasjonal sats. Det er same ordning vi har i dag. Denne funderer greitt etter vår erfaring.

3.5.5. Spørsmål: Spørsmål 8. Støtter dere at tilskuddet til åpne barnehager kun beregnes ut fra nasjonal sats?

Ja/nei

Vet ikke

Kommentar

Vi har ikkje slike barnehagar.

3.7.3. Spørsmål: Spørsmål 9. Støtter dere vårt forslag om at kommunen der barnet er folkeregistrert skal være refusjonspliktig?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar framlegger om at det er kommunen der barnet er folkeregistrert som har refusjonsplikta. Det er rimeleg at den kommunen som mottek overføringa for barnet tek utgifta.

3.8.1. Spørsmål: Spørsmål 10. Støtter dere forslaget om ikke å videreføre en bestemmelse om minimumssats?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar at tilskotssatsen vert heva til 100 prosent .Det har heile tida vore intensjon å likestille kommunale og private barnehagr økonomisk.

4.2.1. Spørsmål: Spørsmål 11. Er dere enige i forslaget om ikke å videreføre en bestemmelse om formål og virkeområde?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar framlegget om å ikkje vidareføre reglane om formål og virkeområde. Formål og virkeområdet går fram av lova og treng ikkje takast opp igjen i forskrifta.

4.3.1. Spørsmål: Spørsmål 12. Støtter dere vårt forslag om ikke å videreføre begrepet "ordinær drift" i ny forskrift?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støtter framlegget om ikkje å vidareføre omgrepet "ordinær drift". Grunngevinga er at omgrepet ikkje synes å vere naudsynt.

4.4.1. Spørsmål: Spørsmål 13. Støtter dere forslaget om å beholde en bestemmelse om kravet til forsvarlig saksbehandling etter forvaltningsloven?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar framlegget om å halde på ein regel om kommunen si plikt til forsvarleg sakshandsaming etter forvaltningslova. Forvaltningslova gjeld for all offentleg verksemd og det er avgjerande at sakshandsamarar kjenner til krava i denne. Dersom sakshandsamlingsreglar skal spesifiserast i alle særlovar riv dette grunnen ut av forvaltningslova. Dette er både uheldig og unødvendig.

4.5.4. Spørsmål: Spørsmål 14. Er dere enige i forslaget om ikke å videreføre 25 prosent-regelen?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune er samd i framlegget med å ikkje vidareføre 25 % reglen. Siktemålet med rammefinansiering er effektiv kommunal drift. Det bør difor i så liten grad som mogeleg vera reglar som motverkar at kommunane effektiviserar drifta si.

4.6.1. Spørsmål: Spørsmål 15. Støtter dere forslaget om at det ikke skal være særskilte regler for barnehager i midlertidige lokaler?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar framlegget om at det ikkje skal vera særskilde reglar for barnehagar i mellombelse lokaler. Grunngevinga er at vi meiner det er viktig å avgrense talet på særreglar. Det er og eit poeng at kapasiteten i sektoren no er god, og behovet for mellombelse lokalar difor er redusert.

4.7.3. Spørsmål: Spørsmål 16. Støtter dere forslaget om ikke å videreføre regelen om ekstra tilskudd?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar framlegget om å ikkje videreføre regelen om ekstra tilskot. Grunngevinga er at ved å endre på regelen for fastsetjing av kapitaltilskot vil dette bli meir treffsikkert og betre fange opp barnehagar med høge kapitalutgiftar. Kommunen vil uansett ha høve til å gje ekstratilskot og det er såleis ikkje naudsynt med ein egen regel om ekstratilskot til kapitalutgiftar.

4.8.3. Spørsmål: Spørsmål 17. Er dere enige i at fristen for vedtak om sats bør være 31. oktober i året før tilskuddsåret?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støtter framlegget om at vedtak om sats vert sett til 31 oktober året før tilskotsåret. Dette vil gje føreseielege rammer for private barnehager.

4.8.3. Spørsmål: Spørsmål 18. Støtter dere forslaget om klagerett?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar framlegget om klagerett. Klagerett er eit viktig forvaltningsmessig prinsipp. Det gjer vedtaket tryggare både for kommunen og dei private barnehagane.

4.9.1. Spørsmål: Spørsmål 19. Er dere enige i forslaget om ikke å videreføre bestemmelsen om vilkårsstillelse?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar framlegget om å ikkje videreføre regelen om å setje vilkår. Dette er i dag ein regel med lita praktisk nytte. Eit vilkår er i realiteten vanskeleg å kontrollere.

4.10.2.1. Spørsmål: Spørsmål 20. Støtter dere forslaget om at det ikke stilles krav til like rapporteringstidspunkt?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar framlegget om at det ikkje vert stilt krav om likt rapporteringstidspunkt. Grunngevinga er at teljing og rapportering har to ulike føremål

4.10.3.1. Spørsmål: Spørsmål 21. Er dere enige i forslaget til beregning av gjennomsnittlig barnetall i kommunale barnehager?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune er samde i framlegget til utrekning av gjennomsnittleg barnetal i kommunale barnehagar. Dette er ein velprøvd modell som har fungert godt.

4.10.3.1. Spørsmål: Spørsmål 22. Bør gjennomsnittsberegningen kun gjøres med bruk av to årsmeldinger?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune meiner gjennomsnittsutrekninga berre bør gjerast ved bruk av to årsmeldingar. Årsmeldingane er offisielle og objektive tal. Det er viktig at det er ein metode som vert lagt til grunn, og at denne er anerkjent og akseptert.

4.10.4.1. Spørsmål: Spørsmål 23. Er dere enige i forslaget om rapportering av barn i private barnehager?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune er samde i framlegget om rapportering av barn i private barnehagar. Det er ein velprøvd metode som har fungert godt.

4.10.4.1. Spørsmål: Spørsmål 24. Støtter dere forslaget om at barn som fyller tre år i løpet av tilskuddsåret, regnes som under eller over tre år, avhengig av om barnet rapporteres i løpet av årets sju første måneder, eller årets fem siste måneder?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar framlegget om at barn som fyllar tre år i løpet av tilskotsåret, vert rekna under eller over tre år, avhengig av om barnet vert rapportert i løpet av dei sju første eller fem siste månedene i året. Det er ein føremon at teljing av barn over og under tre år i løpet av året vert gjort likt, og til likt tidspunkt.

4.11.1. Spørsmål: Spørsmål 25. Er dere enige i forslaget om klagerett?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar framlegget om klagerett. Klagerett gir tryggleik for barnehageeigar og legitimitet for kommunen.

4.12.1. Spørsmål: Spørsmål 26. Støtter dere forslaget om tilskuddsberegning og kommunesammenslåing?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støtter framlegget. Så lenge tilskotet skal baserast på to år gamle rekneskap er dette den mest praktiske måten å rekne ut tilskotet på i ein overgangsfase.

4.12.1. Spørsmål: Spørsmål 27. Hvilke andre utfordringer med kommunesammenslåingen og tilskuddsberegningen bør det tas høyde for i overgangsperioden?

Kommentar

Dersom bruk av to år gamle rekneskap i dei gamle kommunane vart lagt til grunn kan dette føra til ulike vilkår for private barnehagar internt i den nye kommunen. Dette vil vere uheldig og ein bør sjå på om dette er noko som kan og bør kompenseras.

5.3.1. Spørsmål: Spørsmål 28. Støtter dere forslaget om å beregne nasjonal sats med utgangspunkt i dagens beregning av nasjonal sats?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støtter at måten nasjonal sats vert rekna ut i dag vert lagt som eit utgangspunkt. Grunngevinga er at det synes som om modellen har fungert godt og gir eit rett bilde av dei gjennomsnittlege kostnadene i sektoren. Like tenester bør finansierast likt.

5.4.3. Spørsmål: Spørsmål 29. Bør satsen for Oslo beregnes særskilt?

Ja/nei

Vet ikke

Ingen kommentar fra høringsinstans

5.5.8. Spørsmål: Spørsmål 30. Støtter dere forslaget om at den lokale justeringen av den nasjonale satsen baseres på bemanningstetthet og arbeidsgiveravgift i kommunen?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støtter det framlegget om at den lokale justeringa av nasjonal sats vert basert på korrigering av dette. Vi meiner og det må korrigerast for arbeidsgjevaravgift då denne varierar mellom kommunane.

5.6. Spørsmål: Spørsmål 31. Er dere enige i forslaget om rapportering?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune er samd i framlegget om rapportering. Rapportering pr 15.12 er ei ordning både private barnehagar og kommunen er vel kjend med.

5.7.1. Spørsmål: Spørsmål 32. Støtter dere forslaget om ikke å videreføre en bestemmelse om kommunens forpliktelser etter forvaltningsloven?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar framlegget om ikkje å videreføre ein regel om kommunane sine pliktar etter forvaltningslova. Grunngevinga er at forvaltningslova gjeld all kommunal verksemd, og det er difor ikkje naudsynt å gjenta denne plikta i særlov og forskrift. Dette undergrev meir enn det styrkar forvaltningslova.

5.8.1. Spørsmål: Spørsmål 33. Er dere enige i forslaget om klagerett?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune er samd i framlegget om klagerett. Klagerett gir rettstryggleik for barnehageeigar og legitimitet for kommunane som barnehagemynde.

5.9.1. Spørsmål: Spørsmål 34. Støtter dere forslaget om fratrekk?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar framlegget om fråtrekk. Grunnen er at ei og same utgift ikkje skal kompensera fleire gangar.

5.10.1. Spørsmål: Spørsmål 35. Er dere enige i forslaget til metode for å finne bemanningstetthet i kommunale barnehager?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune er samd i framlegget til metode for å finne tal for bemanning i kommunale barnehagar. Det er viktig at same metode vert nytta nasjonalt og lokalt.

5.11.1. Spørsmål: Spørsmål 36. Støtter dere forslaget til overgangsbestemmelse?

Ja/nei

Ja

Kommentar

Meland kommune støttar framlegget til overgangsreglar. Grunngevinga er at tala frå dei gamle kommunane vil vere det beste ein har å gå ut frå fram til ein har tal for den nye kommunen.

6.1. Spørsmål: Spørsmål 37. Har dere innvendinger eller andre innspill til økonomiske konsekvenser?

Kommentar

Vi har ikkje innvendingar til det som kjem fram i høyringsbrevet. Kommunar som i dag nyttar statleg sats vil få litt meir administrasjon. Kommunar som reknar ut satsen sin sjølv, får litt mindre administrasjon. Det å fastslå kva år som skal vere utgangspunkt for private

barnehagar sitt tilskot kan bety noko meir administrasjon. Sjølve korrigeringa for pensjon er ikkje rekna å gje meir administrasjon. Individuell søknad om auka tilskot frå private barnehagar kan gje meirarbeid. Det same gjeld klageretten.

6.2. Spørsmål: Spørsmål 38. Har dere innvendinger eller andre innspill til administrative konsekvenser?

Kommentar

Vi har ikkje innvendingar til det som kjem fram i høyringsbrevet.

7. Spørsmål: Spørsmål 39. Har dere kommentarer til forskriftstekstene med merknader?

Ingen kommentar fra høringsinstans

Generell kommentar

Ingen generell kommentar fra høringsinstans